




Årsmelding 2022 – 2024

Profesjonsfagleg utval for vernepleiarar - FO Vestland



Utvalet er eit rådgjevande organ til FO Vestland. Utvalet har eit særskilt ansvar for å vera pådrivar innan Vernepleiarens sitt område

På FO Vestland sitt årsmøte i Bergen **10 mars 2022** vart leiar og medlemmar til utvalet valt. Utvalet består av 8 medlemmer som geografisk skal famne om heile Vestland.

Medlemane er:

Namn	Del av Vestland
Siv Aspeseter, Leiar	Nordre
Ola Utheim	Midtre
Erik Birkeland	Midtre
Stian Kalleland	Midtre
Anita Pettersen	Nordre
Ida Sekkingstad	Sør
Marlin Haarstad	Midtre
Line Hillestad	Nordre

Konstituere:

I henhold til mandatet blir leiar og utvalsmedlemmar valt på årsmøtet.

I første teams møte 5 april konstituerte utvalet Erik Birkeland som nestleiar og Ola Utheim som sekretær

Møteform: Digitale møter via Teams, e-post korrespondanse og sosiale media. Alle møter er blitt gjennomførte på kveldstid. Siv kalla inn til teams møter

Antall møter i perioden:

- Me har hatt 13 møter i perioden.
- Siv har hatt 2 møter med utvalsleiarane for sosionom og barnevern.
- Hatt 2 fysiske samlingar

Utval for vernepleiarar i djup konsentrasjon og med stor arbeidslyst ved oppstartseminaret



Saker/ tema på møta:

- Innspel til helsepersonellkommisjon
- Rapporten `ingen tid å miste`
- Turnus - lovverk
- Gjennomgang av mandatet
- Vernepleiarens rolle
- Handlingprogrammet
- Ola filmen

Representasjon:

- Anita hadde forslag om å få lovfesting av miljøterapeuten inn i skulen til årsmøte 2022 i Vestland AP. Fekk nesten gjennomslag, mangla kunn nokre få røyster.
- Utvalet deltok på oppstartseminar 24 og 25 mars 2022
- Marlin og Erik hatt forelesing om yrkesetikk på høgskulen Bergen 17 august 2022
- Siv og Anita deltok på mediaskulering 26 august 2022
- Siv og Ann Kristin hatt undervisning i yrkesetikk ved høgskulen i Sogndal 6 september 2022
- Siv, Stian, Erik, Anita , Marlin og Ola deltok på felles profesjonssamling 21-22. oktober 2022 i Bergen.

- Stian deltok på FO dagane 3-4 november 2022
- Erik og Ola har snakka om det å vera vernepleiar på Haraldsplass 21 november 2022
- Siv er utvalet sin representant inn i avdelingsstyret
- Marlin er medlem i profesjonsfageleg råd
- Siv medlem i studieprogramråd bachelor vernepleie ved høgskulen i Sogndal
- Levert innspel til helsepersonellkommisjonen 26 mars 2023
- Siv og Ann Kristin hatt undervisning i yrkesetikk på høgskulen i Sogndal 30 august 2023
- Siv og Line saman med Årdal kommune arrangert framsyning av Ola filmen 22 oktober 2023.
- Erik, Ida og Siv deltok på landsmøte i oslo 15-19 november 2023.
- Uttale - Kutt i ferietilbodet til vaksne utviklingshemma på Bømlo- til Bystyret i Bergen Stian forfatta uttalen.

Siv og Ann-Kristin underviste i yrkesetikk for alle profesjonar ved høgskulen i i Sogndal



Sluttord:

Profesjonsfageleg utvalsarbeid er fritidsarbeid og har ingen rettar til permisjon eller fri frå arbeidsgjevar. Mandatet som er ramma for arbeidet som skal gjerast i utvalet er stort og innehold mange oppgåver. Det er budsjettert med lite midlar til utvalsarbeid. Fritidsarbeid, stort mandat og lite midlar gjere og arbeidet i utvalet meir krevjande.

Utvalet har vore fulltallige heile perioden, og det har vore god deltaking på møta. Me har diskutert ulike problemstillingar som turnus, arbeidstidsordningar, korleis kan me påverka td opp mot politikarar, vernepleiefaglege spørsmål som kva er ein vernepleiar, kvar skal vernepleiarens arbeide og mangel på vernepleiarar.

Utvalet blei bedd om å komma med innspel til helsepersonellkommisjonen. Dette arbeide me med i møta og på e-post utveksling oss imellom. Me leverte innspell innan fristen.

Erik og Marlin underviste i yrkesetikk for vernepleiarar ved høgskulen i Bergen 17 august 2022. Siv og Ann Kristin har undervist i yreksetikk ved høgskulen i Sogndal både i 2022 og 2023.

Line og Siv fekk kommunen til å setja opp filmen om Ola`ein heil vanleg uvanleg mann` i Årdal. Saman med kommunen fekk me laga til eit forspill før framsyninga med raud løpar, campangne og noko å bita i. Kommuen var med å sponsa gåver til utloddning, og dei delte ut billettar til 10 tilsette. FO Årdal kjøpte og opp nokre billettar til medlemmar. Me fekk med oss nokre damer med utviklingshemming til å ta imot kinogjester og servera drikke og anna. Ein veldig fin kveld.



Utvalet har under perioden arbeidd med ein uttale / innlegg om kva vernepleiaren er. Det har me av ein eller anna grunn ikkje komme i mål med. Det må i beste fall bli ein prioritet for det neste utvalet.

Ann-Kristin Nygård som er nestleiar i FO Vestland har delteke på dei fleste møta våre. Dette har vore ein tryggheit og styrke inn i utvalsarbeidet. Me i utvalet er takksam for den tida ho har brukt i saman med oss.

Utvalet har arbeida godt saman. Det har vore god deltaking på møta, og alle bidreg. Tonen har vore god og det har vore fin støtte hjå kvarandre når frustrasjon har meldt seg.